

Sak 3 Årsmelding til årsmøtet 14. februar 2022

Tillitsvalde har i år 2021 vore:

Leiar: Reidun Ramse Sørensen

Nestleiar: Vemund Viken

Skrivar: Reidun Ramse Sørensen

Kasserar: Einar Raastad

Styremedlem: Torill Nedberge Klevmark

Styremedlem: Inger Marie Høifeldt

1. vara: Gunvor Kjendlie

2. vara: Øystein Stensæter

Ettersynsmann: Helge Midttun

Valnemnd: Reidun R. Sørensen og Kari Røken Alm

15. februar 2021 hadde vi elektronisk årsmøte med ni medlemmer til stades. Årsmøtet vart flytta frå fysisk møte til skjermmøte med innleiing av leiar i Noregs Mållag Peder Lofhus Hauge. Styret har hatt 6 styremøte (to fysiske) og handsama 42 saker i 2021.

Vemund og Reidun er administratorar på FB-sida Hadeland dialekt- og mållag.

Grethe Bøe administrerar nettsida <https://hadeland-dml.no/>

Representasjon

- **Austmannalaget:** Torill vart vald til styremedlem i Austmannalaget på det digitale årsmøtet 17. mars 2021, der Torill og Reidun deltok.
- Torill og Reidun deltok på Austmannalaget sitt haustseminaret i Vågå 23.11.21.
- **Hadeland Litteraturforum:** Torill er laget sin representant i forumet, som er sett saman av Foreningen Norden, Gran bibliotek, Randsfjordmuseene, Hadeland kirkeakademi og Hadeland dialekt- og mållag.
- **Redaksjonskomitéen for bok om hadelandsdialekta** er sett saman av redaktør Rolf Theil, Bjørn Liaklev, Grethe Bøe og Reidun R. Sørensen.
- **Styringsgruppa for *Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland*** er sett saman av Arnfinn Nilsen, Ellinor Kolstad, Audun Vinger, Bitten Nesbakken og Reidun Sørensen frå styret.

Aktivitetar

Smittevernregime sidan mars 2020

Også i 2021 retta vi oss etter smittevernreglane når vi skulle møtast fysisk. Til styremøte og årsmøte er det veldig effektivt å møtast digitalt.

Klassesett av nynorskbocker

I januar svara Brandbu u-skole og Hadeland vgs positivt på tilbod om bøker og fekk tilsendt kvart sitt klassesett av antologien *Vegar ut til alle kantar* som gåve frå Hdml.

Austmannalaget sin dialektpris for 2021

25. januar sende Hdml vårt forslag til Austmannalaget.

«Språknøytrale» Innlandet fylkeskommune

21. april sende vi Austmannalaget vårt utkast til brev til Innlandet fylkeskommune om korleis fylkeskommunen følgjer opp den vedtatt Språklova sin føremålsparagraf og eigen kommunikasjonsstrategi frå juni 2020. Austmannalaget sende brev til fylkeskommunen 23. november som svara at fylket prioriterer klart språk.

Opplæringslova på høyring

Styret hadde eit arbeidsmøte om ny opplæringslov og sende inn vår eigen høyringsuttale.

Arbeidsplan og prinsipp-program for Noregs Mållag

Landsmøtet i NM skal i april vedta ny arbeidsplan og nytt prinsipp-program og har sendt to utkast på høyring. Styret sende inn våre tilleggsforslag og kommentarar.

Boka om hadelandsdialekta

I februar hadde vi lesarinnlegg om skrivearbeidet i avisa Hadeland. Redaksjonskomiteen gjorde eit ærleg forsøk på å få boka ferdig til jolesalet i 2021, men arbeidet er svært omfattande. Komiteen innsåg i mai at vi måtte utsette bokpresentasjonen til år 2022. Difor melde vi ikkje på laget til *Førjulshælj* på Granavollen, der vi hadde tenkt å selje boka. Førjulshælja vart seinare avlyst pga smittevernsituasjonen. Vi håper å kunne selje boka på stand på *Førjulshælj 26. og 27. november 2022*.

Vi har fått lovnad om kr 65.000 frå Sparebankstiftelsen Gran og kr 60.000 frå Sparebankstiftelsen Lunner Jevnaker.

Spalta *Hva skjer* i avisa Hadeland

I september utfordra Hdml Amedia-konsernet om å utvikle ei brukbar teknisk dataløysing for sine lokalaviser. Ikkje berre på Hadeland er det mange lesarar som saknar spalta *Hva skjer*, som vart tatt ned i mars 2020 og ikkje tatt inn att. Hdml har purra Amedia skriftleg og munnleg tre gonger, og leiar vil fortsette med det.

Gjennomførde arrangement

Minnehøgtid over Aasmund Olavsson Vinje

Morgonen 17. mai heldt Åsulv Edland minnetale i Nikolaikyrkja og deltok på fellesfrukosten etterpå på Granavolden Gjæstgiveri. Publikum heldt god avstand til kvarandre, men me sakna Mannskoret KK, som ikkje kunne synge pga smittefare.

Vår andre minnehøgtid er Vinje sin dødsdag 30. juli. I år var det flott sol og mange tilhøyrarar samla seg på kyrkjebakken, der Gunvor Raastad og Kari Røken Alm las dikt og la ned blomar ved bautasteinen.

Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland 4. og 5. juni 2021

I 2020 flytte vi festivalen til september pga koronanedstenging. Det skulle vise seg at det vart umogeleg å legge ein slik plan B i 2021. Heldigvis kunne styringsgruppa gjennomføre nesten som planlagt, med streng regi på smittevern.

Fredag inviterte vi til forfattarmøte med Tove Nilsen og Edvard Hoem, med innslag av Sigve Lieberg Stieng på fele. Gran bibliotek var fullt med 50 av 50 mogelege tilhøyrarar.

Laurdag møtte 24 sportskledde tilhørarar til poesivandring opp Langgutua med diktlesing av Leif Harald Høgghaug, Martha Kjørven og Joanna Radkowska. I Tingelstad gamle kyrkje, St. Petri, fekk vi høyre Håkon Kornstad på saksofon og diktlesing av Kjørven og Radkowska. «Stinn brakke» der og, med publikum på 30, som var det maksimale vi kunne sleppe inn.

Dugnadsinnsatsen var 282 timar då vi sette strek.

Tusen takk til Sparebankstiftelsen Gran, Norsk kulturråd og Gran kommune som gjorde det mogeleg å gjennomføre festivalen.

Julebord

Hadeland dialekt- og mållag inviterte medlemmene til juletalerken på Granavolden Gjæstgiveri 10. desember. Vi vart sju og fekk ein hyggeleg kveld saman, med smakfull mat og høveleg drikke til.

Arrangementa som gjekk i vasken

- På nyåret arbeidde vi for å få til eit foredrag om hadelandsdialekta.
- **Ein europeisk døl:** 26. august 2021 hadde vi planlagt forfattarmøte i Mariakyrkja der Jon Severud ville presentere si siste bok om A.O. Vinje. Vi skulle få tonefølgje av Ola og Anders Morstad. Diverre avlyste Severud foredraget.
- **Hadeland Litteraturforum:** Torill Nedberge Klevmark har jobba for å få til eit fysisk møte i biblioteket i serien med tema *Pengene og livet*. Men under pandemien kunne ikkje foredragshaldar frå Leger utan grenser reise ut.
- **Medlemsmøte om sosiolingvistikk:** Vemund planla fysisk medlemsmøte 8. november med foredrag om sosiolingvistikk av medforfattar Brit Mæhlum, NTNU, på skjerm. Foredraget er flytt til 2022.

Økonomi

Den økonomiske situasjonen er god. Vi har «pe'eng på bok» etter arbeidet som grossist for Dialekttempen AS.

Laget takkar for stønad til drift frå Sparebankstiftelsen Gran, Gran kommune og Vinje kommune.

Medlemssituasjonen

I år 2021 hadde vi 44 gyldige medlemskap, mot 46 i 2020 og 44 i 2019.

Styret

Edvard Hoem og Tove Nilsen

Foto: Inger Lise Stiang

